



NOTAT

Befaring Moldekleiv 20180502

Til stades:

Marius Flemmen Knudsen og Kristin Mo, Meland kommune
Svein Ole Kvamme Tjore, grunneier
Hallvard Hageberg, Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga

Billede tekne under synfaringa syner tydeleg avrenning frå deponiet:



Avrenning frå drensledning frå området



Bekken nedanfor nedlagt deponi




Synleg avfall på overflata

LokalitetsID i Grunnforurensningsbasen: MOLDEKLEIV SØPPELFYLLING(4194)

Sist oppdatert 02.08.2018

Ansvarleg for lokaliteten er Fylkesmannen i Hordaland



Plassering av nedlagt deponi

Grunneigar ynskjer å ta i bruk området til beite. Har fått negative uttaler frå Mattilsynet med bakgrunn i det nedlagte deponiet.

Meland Helseråd har gjeve uttale i 1973:

- «1) Dei øvre 2/3 av dalen er tørr og godt drenert, og tøming av boss må difor starte øverst oppe i dalen.
- 2) Området må berre utnyttast etter Bradford-systemet, og med ei høgde på fyllingen av min. 2,5 m.
- 3) Det må utarbeidast framlegg til instruks når det gjeld tøming og tildekking m.v. og instruksen må leggjast fram for Helserådet før plassen vert teken i bruk.
- 4) Under fyllingen, midt i dalen, må det leggjast ned sementrøyr slik at ein får ei sikker bortdrenering av vatn.

Klage over løyvet frå SFT av 17. juni 1974 avgjort av Miljøverndepartementet den 12. juni 1975. Vedtak vart stadfesta med tilføyning av nytt punkt 12:

«Tillatelsen gjelder inntil 12. juni 1980. Når søppelfyllplassen nedlegges skal det sørges for at den får tilstrekkelig overdekning som på best mulig måte skal motvirke avrenning. Grøftesystemet som beskrevet i punkt 1 skal holde vedlike til avrenningen fra søppelfyllplassen er minimal. – Fylkesmannen skal godkjenne arbeidene med overdekningen m.v.»

Frå grunngevinga til SFT:

«.. fant kommunen området på Moldekleiv best egnet. SFT finner ikke denne å være en gunstig løsning idet sigevannet må ha avløp til en bekk som renner gjennom bebygde områder. Bekken har dessuten sitt utløp like ved friluftsområde (Smineset). Resipienten må betraktes som svak selv om en vil få en øket fortykning ved tilrennende bekker. SFT har derfor gitt tillatelsen inntil videre i det en henstiller til kommunen å finne en egnet søppelplass hvor sigevannet kan føres til sjø, eventuelt via kommunalt renseanlegg, eller løsning av renovasjonen ved interkommunale samarbeid.

SFT mener for øvrig at analyseresultatene vil gi en tilstrekkelig oversikt over bekkens forurensningsbelastning fra fyllingen slik at ytterligere tiltak om nødvendig kan iverksettes.»

Plassen vart teken i bruk etter at klagesak i Miljøverndepartementet var avslutta i juni 1975. NGIR vart oppretta i 1981.